

Tunnusetr kyrkje 800 år

I september anno Domini 1211 vart me velsigna med ei heilt ny kyrkje i Tynset. Den vart vigsla av erkebiskop Tore (Theodricus) Gudmundsson frå Nidaros. Me låg den tida under erkebispedømmet, og visst nok som eit anneks i Oppdal prestegjeld. Det kan likevel hende at dette var etter Svartedauden, og at Tunnusetr i 1211 var eit eige prestegjeld.

Gudshuset som tynsetingane sikkert var byrge over, vart vigsla til helgenane Thomas, Margareta og Laurentius. Det veit me gjennom biskop eller superintendent Jens Nilssøn, som i januar 1580 farta frå Oslo for å finne ut kor "Tynnesetter" hadde lege føre Reformasjonen. Han fann da heldigvis for oss ein inskripsjon på latin i den forfalne stavkyrkja: *"Anno ab incarnatione Dni M. CCXI. KL. Semteb: consenrata est ecclesia ista a Thericho archiepiscopo, in honorem S: Laurentij M: S: Thomæ episcopi et S: Margaretæ virginis"*.

Bjarne Grandum tolkar KL som 13. Vigslinga var nok i staden søndag 11. september. Kan dermed KL ha vore ei feillesing for XI? At biskop Jenssøn itte såg heilt klart i tussmørkret i kyrkja i januar? Morosamt er det i alle fall at kalenderen for 1211 er heilt lik 2011.

Kyrkja låg den gongen høgare oppe



Truleg var kyrkja slik som den frå Haltdalen frå same tid (Sverresborg i Trondheim). Her kopien i Haltdalen. Foto: Holtålen kommune.

i lia, nemleg på Gamlekjerkjebakken eller Gjelvangen (Gildevangen?), den naturlege flata mellom Oppgarden og Prestegarden. Og der ein eldgammal allmannaveg gjekk over Vinnillen, Dalsbygda og gjennom Budalen til Trøndelag. Historikar Peter Andreas Munch meiner at dette var den aller eldste farleia mellom Vika og Trøndelagen.

Dei første bygdekyrkjene her til lands vart elles ofte tufta på eldgamle kultstader. I Tunnusetr ser det derimot ut til at dei første kristne heller valde ein annan lagleg stad, nemleg på Opp-

garden. Kanskje heldt ein mektig kristen bondehovding til nettopp der?

Thor og Odin

For sannsynleg låg det heidenske gudehovet der kyrkja vår ligg den dag i dag. Garden heitte truleg Tunnusetr, da Tunna gjekk rett nedafor noverande Kjerkjegga. Der fins det også ei merkeleg, flat slette rett mot aust på dagens kyrkjegard. Der kan me få auge på solgudinna når ho stig opp kvar evige morgon og helsar dagen velkommen. Tynset Janitsjarkorps pla ei tid spele salmar der kvar påskemorgon klokka åtte. Ein vakker skikk.

Låg det da eit gammalt gudehov der ute på pynten med vidsynt utsikt mot så vel den heilage sola som heilage Throndr, som tyder galte. "Gudfaren" åtte som kjend galten Særimner, som skjenka flek til alle som fall på valen og hamna lukt i Valhall.

Galten til Odin vart slakta og eten opp kvar einaste dag, for så å stå opp att full og heil til neste dags servering. Kan mektige Throndr ha vore slik ein diger galte, som vart dyrka av Odins trufaste tilhengarar? Valfarta krigarar opp til fjelltoppen for å få velsigning til neste slag mot andre bygdelag?

Det var nok frykt og age for kultstaden til Thor og Odin blant eit erkekonservativt bygdefolk. Thor var, som Peter Chr. Asbjørnsen fortel, ein mektig guddom i fjellheimen vår. Han fann i 1851 mange eventyr og mytar om jaktguden. Det fins elles mange personnamn frå mellomalderen hjå oss som begynner på Thor. Itte berre erkebis-

kop Thore. Kom han opphavleg frå Tunnusetr?

Har også "Torshåwwån" (Torshåggån) nedafor Gammelkjerkjebakken med denne folkelege jaktguden å gjera? Thor var nok ein uutryddeleg guddom som bønder og veidemenn dyrka og bad til i eit eldorado for jakt, fangst og fiske. Truleg lenge etter år 1211.

Thor er i ætt med Horagalles, den samiske tordenguden eller Hovrengallies på sørsamisk. Var bygdene i Tunnusetr kløyvd i to-tri religionar? Eller verka Kvite-Krist og Thor side ved side i fred, fryd og fordragelegheit? Saman med (T) Horagalles?

Nidaros erkebispedømme

Da erkebispesetet i Nidaros på slutten av 1100-tallet fekk sterk økonomisk makt på grunn av mengder av tiande og alt som setet arva frå livredde rikfolk, som ottast fælt for så vel skirselden som Helvetets evige pinsler og plagar, vart det brukt penning i fleng til så vel gudshus som kyrkjekunst i erkebispedømet. Hadde tynsetbønder gjeve frå seg så mange eigedommar til Nidaros, at erkebiskopen plent ville spandere eit nytt gudshus på bygda?

Kyrkjehus, som var bygde av Nidaros, men finansiert av bøndene, skulle elles vernast tå ein bondeombodsmann frå bygda. Han vart igjen vakta av kongens sysselmann. I 1207 heitte sysselmannen Torbrand Svarte, og eigde nok fleire kongsgardar.

Erkebiskop Thore hadde nyleg avløyst erkebiskop Eirik Ivarsson, som hadde gått av i 1205 på grunn av at han

var blitt blind. Eirik hadde lege i konflikt med kong Sverre Sigurdsson, som ifølgje Bjørnson "talte Roma midt imot". Eirik ble likevel vald til erkebiskop etter salig Øystein i 1188. Tålljing Ivar Sæter har forfatta ei svært så leseverdige bok om domkyrkjebyggar Øystein.

Både Eirik og Thore var den tida i debatt med pave Innocens 3. om bannsetting og tilgjeving. Det synes som om det hadde vore drap på ein prest i Trøndelag. Paven gav iallfall i 1206 dispensasjon til Thore at han kunne tilgje folk som la hand på lågare geistlege om ingen alvorleg skade var skjedd. I 1208 var erkebiskop Thore ein vellykka meklingsmann mellom baglarane og birkebeinarane, slik at borgarkrigen snart vart avslutta med fred i landet.

Kongsgarden Berg

Kong Inge rådde den tida i Nidaros. Tronfølgjar Håkon hadde i januar 1207 blitt frakta gjennom Østerdalen av birkebeinarane. Både unge Håkon og gamle Inge hadde kan hende ætt i Østerdalen. Det kan ha vore på garden Berg i "Elvedal sokn". Den nemnes først i 1264. Da tok kong Magnus Lagabøter sin frende, Thoralde (Thorvald) og alt som karen åtte, under kongeleg vern og verje. Kongen stadfesta samtidig at Torvald åtte garden Berg som Haakon 4. hadde skjenka mora hans, Thoron (Torunn).

Da vesle Håkon vart frakta av birkebeinarane saman med mor Inga av Varsteig til Nidaros, hadde sysselmennene Sæming og Torbrand Svarte teke imot

det over hundre manns store følgjet og hjulpet til på alle vis. For truleg redda nordøsterdølane kongsemnet frå klørne til baglarane, bispepartiet. Det var nemleg borgarkrig i landet.

Sæming var truleg rendøl etter namnet å døme. Men heldt Thorbrand Sysselmann til på kongsgarden Berg? Og var han gift med Thorunn av kongeætt? Og er Berg den same garden som Kveberg? Truleg låg det itte noen Berg i Elvedal nedre (Stor-Elvdal), da det itte fins restar av noen storgard med det namnet i bygda.

Da det fantes enorm utvinning av jern i Østerdalen, kan Berg eller Kveberg ha vore svært så sentral for storstilt produksjon. Det ligg enorme restar av blæstergrøper i Elvedal øvre (Alvdal). I ein rettarbot frå 1358, like etter Svartedauden, synes det som om kongen hadde finansiell interesse i jerneksport frå Nord-Østerdalen.

Ble det da etter den dramatiske kongsfærd i januar 1207 bestemt at det skulle byggas fleire kyrkjer i Tunnuset? Som takk for at nordøsterdølane hadde berga den dyrebare kongssonen? Samt for all gjestfridom og støtte? Også da ei ny kyrkje i Elvardal øvre, itte langt unna kongsgarden Berg? Den var truleg vigsla til Sankt Nikolaus. Korfor den snille helgenen?

Sankta Margareta

Det er lærerikt for oss kva formødrene og forfedrane våre dyrka og tilbad. Samt hadde som førebilde. Jomfru Marghareta (275-290) var dotter av ein heidensk prest i Antiokia i Syria (Tyr-

kia). Faren melde ho til byrådet. Dom-
maren torturerte jenta. Da ho var
uskadd, førde det til massedåp i byen.
Jomfrua vart til slutt halshogd.

Som kvinneleg helgen er ho også ein
såkalla hjelper i naud. Jeanne d'Arc,
den franske helten under hundreårs-



*Sankt Margareta saman med døyparen
Johannes. Foto: Bergen Museum.*

krigen mellom England og Frankrike,
oppgeiv Sankta Margareta som ei him-
melsk stemme ho stadig hørde. Det fans
eit altar for alle dei kvinnelege naud-
hjelparane i gamle Hamar domkyrkje.

Ho vart skytshelgen for bønder, hus-
hjelper, ammer og barnejenter, fødande,
ammande, god fødsel, mot ufrukt-
barheit og miste mjølk, samt mot sår og

sjukdom i ansiktet. Vidare for god død.
Samt å sleppe unna djevlar. Margareta
var samanlikna med gudinna Frøya. Er
det derfor ho vart så omtykt?

Ei Margareta-kyrkje låg også på
Mære og Alstadhaug. Kjend er ruinane
av Margaretha-kyrkja i Maridalen. I
Torpo kyrkje fins det ein baldakin over
livet hennar. Det nemnes dessutan sale-
stover eller Margaretha-stover for veg-
farande på Filefjell i 1358, like etter
Svartedauden. Det ser elles ut til at det
itte fans mange Margaretha-kyrkjer i
Noreg. Så korfor nettopp Tunnusetr?

Minnedag er 20. juli. "Marit Vass-
ause" vart derfor merkedag for som-
marveret. Regna det, vart det dårleg ver
i vekevis. På Grønfjellet i Tynset kan me
beundre "Marimøssfonna", som ofte
ligg til 20. juli.

Sankt Laurentius

Laurentius (230?-258) frå Toledo i Span-
nia var skattmeister hos pave Sixtus i
Rom, da ei kristendomsforfølgning braut
ut under keisar Valerian i 258. Da paven
vart førd av stad, braut Laurentius ut i
gråt fordi han måtte leva mens vennen
fekk fare til Paradis. Paven fortalde at
Laurentius ville følgje etter om tri
dagar, og befalte han å gje alle Kyrkjas
skattar til dei fattige.

Men den griske keisaren kravde skat-
tane. Laurentius bad om tri dagar for å
samle dei. Tida nytta han til å gje alt til
spedalske, blinde, sjuke, fattige, enkjer,
foreldreause og gamle. Han sa så til
keisaren: "Sjå her er Kyrkjas skatt!"

Da befalte keisaren at fyren skulle
lide langsam og smertefull død. Han



Sankt Laurentius i Dønna kyrkje i Nordland.

fekk Laurentius steikt over svak varme. Martyren lo til keisaren: “No, din stakkar, er den eine sida steikt. Vend på steika!” Han takka Gud, bad for Roms omvending og slokna med ein salig smil om munnen. Den heilages martyrdød styrka dei kristne i trua.

Det skal visst nok ha vore 24 kyrkjer vigsla til Laurentius i Noreg. Det låg i alle fall ei Sankt Laurentius kyrkje i Tunsberg, som tidleg på 1300-talet var hovudsete for kongen. Nidarholm kloster var også vigsla Laurentius. I Lade kyrkje er det eit alabastrelieff som viser Laurentius på risten.

Laurentius (Lars eller Lasse) skulle feirst med ein heilagdag ifølgje Frostatingslova. Heilage Lars var dessutan metrolog. På Austlandet varsla larsoks-

veret 10. august for kommande haust og vinter, oftast heilt til kyndelsmess 2. februar.

Sankt Thomas

Den tredje i helgentriumviratet, Thomas Beckett (1118-1170) var Henrik av Englands rikskanslar til han vart erkebiskop av Canterbury. I 1164 flykta han til Frankrike. Det vart forlik, og Thomas vende attende. Men da kverka etter ei tankelaus ytring av kongen, blodtørstige riddarar erkebiskopen i Canterbury domkyrkje 29. desember 1170.

Udåden vekte harme. Det gjekk i til-



Slik tenkjer ein engelsk kunstner seg mordet på Sankt Thomas.

legg rykte om mirakel ved grava. I 1173 vart derfor Thomas kanonisert. Kongen måtte krype til korset og gjera kyrkjebot. Helgenens biografi kom på gammalnorsk. Festdagen er 29. desember.

Det var vennskap mellom erkebiskop Øystein og Thomas. Derfor fremja

han Thomas i Noreg, men sikre vitnesbyrd om dyrking har me først frå byrjinga tå 1200-talet. Og da blant anna i Tunnusetr. Truleg har det vore bilde og alter av Thomas i kyrkja vår frå 1211.

Feiring kyrkje på Romerike var også vigsla Thomas. Og han hadde alter i Nidarosdomen. Kyrkja på Filefjell, der det også låg Margaretastove for vegfarande, var også vigsla Thomas. Sankt Svituns kyrkje i Stavanger kunne skryte tå blodstenka klede frå Thomas. Kva kunne Tunnusetr briske seg med? Valfarta sjuke folk til stavkyrkja på Gjelvangen for å be til Sankt Thomas?

Folk kom i alle fall for å bli heilbreidd i Thomaskyrkja på Filefjell. Folketrua skal ha det til at den som reiv kyrkja, gjekk det itte godt med. Trass i at prestar i Vang protesterte, vart ho rive i 1808. Ho er no sett opp att.

Dei tri helgenane i gamle Tunnusetr var flotte førebilde for folk flest. Atskillig betre enn dagens. Tenkje på det du som heiter Marit og Lars, lenge vanlege førenamn i bygda vår. Samt Thomas, som er blitt populært att. Kva no det skyldast?

Relikviar

Det var skikk og bruk at kvar einaste kyrkje skulle ha relikviar. Det var gjenstandar som var knytt til ei heilag kvinne eller ein heilag mann. Men skulle kyrkja vigslas ein helgen, måtte det finnas relikvie som negl, hårstrå eller liknande frå ho eller han. Kan siraen (presten) vår eller ein vandrane kannik eller munk ha skaffa oss tri slike relikviar? Hadde han da studert i eller vitja Wit-

tenberg? Der fans verdas største samling av heilage gjenstandar.

Det fans fleire alter i dei katolske kyrkjene våre. Alterbordet skulle ha ei fordjuping, der ein kunne bringe ein kapsel med alskens relikviar. Heilt annleis var det der ei kyrkje eigde og kunne briske seg med ein «heil» helgen eller viktige delar av denne. Slike dyrebare relikviar vart tekne vel vare på i helgenskrin i kyrkja, slik som Sankt Olav i Nidarosdomen.

Tri kjende helgenar verna altså både kyrkja og bygda vår. Det gjaldt å vera føre var. Pilegrimar valfarta i alle fall til desse helgenbilda i håp om at den heilage ville heilbrede eller utføre andre mirakel for dei. I mellomalderen var derfor relikviekulten svært så viktig i folkeleg religion.

Relikviar var nemleg eit uttrykk for helgenens levande nærver på staden desse gjenstandane vart tekne vel vare på. Gjennom relikviane hamna du dermed i helgenens kraftfelt, særleg om du bad om hjelp eller gjorde forbønn for dei avdøde. Det står derfor ofte i gravsteinar frå mellomalderen: "Be for meg til Herren vår Gud!"

Relikviar kunne som sagt, fåes som gåve eller kjøp. Men tjuveri skjedde dessverre også. Lokalt presteskap, nonner eller munkar unnsåg seg visst nok itte for å stele dyrebare relikviar i nattas mulm og mørke, viss det berre kunne vinne ry for klosteret eller kyrkja. Dermed kunne offergåvene frå pilegrimar betre finansane monneleg. Hensikta heilaga også den gongen midla.

Teolog Arne Olav Bakken, ein kunnskapsrik hodøl og pilegrimsprest i Hamar, trur at dei tri helgenane i Tunnusetr hovudkyrkje hadde å gjera med



Bautaen på Gammelkjerkebakken. Foto: Egil Scott Jensen.

pilegrimsvandringane til Nidaros. Margaretu-messa 20. juli var da pilegrimar i flokk og følge kan hende passerte Tunnusetr kyrkje på veg til Olavs brunn. Laurentius vart da feira Larssok 10. august, da pilegrimane vandra sørover att.

Kva med dei andre kyrkjene i Tunnusetr prestegjeld? Kviknar kyrkje var trulig ei ekte Maria-kyrkje. Det fins framleis eit utskore Mariabilde med vesle Jesus på fanget der. Samt eit på Maihaugen på Lillehammer, som også skal ha kome frå Kvekne. Thysladalr kyrkje var, som me veit, utvilsamt ei Olavskyrkje. Hugs den flotte Olavsstatuen i København. Elvardalr øvre var nok ei Nikolaus-kyrkje. Men kva med Os (Dal anneks) og Vinnill?

Me veit heller itte heilt når dei fem

andre gudshusa i prestegjeldet vart reist. Det kan sjølvstakt ha vore på den same tida. Det er for øvrig mykje som tyder på at nykyrkja i Tunnusetr truleg itte var den første i bygda. Helgenbilda i både Kviknar og Thysladalr frå slutten av 1100-talet seier sitt om det. Nicolai Ramm Østgaard fortel også om slike katolske bilde i kyrkja som brann ned i 1792.

Gammelkjerkebakken

Salig Embret Godtland prøvde fleire gongar føre krigen å fredlyse den gamle kyrkjetomta. Eg gjorde også noen tapre, men forgjeves forsøk. I 1981 synte Godt-

land både lokalpressa og Sigrid Christie frå riksantikvaren kor tomta var. Noen trudde at kyrkja hadde vore der ein steinhaug låg på O garden (Oppgarden).

Det var først da kommunale maskinar hausten 1994 trefte på eineldgammal steinmur nedi bakken, at dette vakte vidare interesse. Det var akkurat der Godtland hadde peika. Men først da Solveig Salbu sette i gang ein aksjon for å få opp eit verdig minnesmerke, skjedde det noe. At kyrkjetomta er automatisk freda, seier seg sjølv.

Me får vone at utgravingar av dyktige arkeologar finn nøyaktige svar på kor mange kyrkjer det låg på Gammelkjerkebakken. Samt oppdagar mykje interessant nede i den vigsla jorda. Det blir dessverre først når Noreg blir rikt og stolt nok til å prioritere og respektere eigen nasjonal bondekultur.

Litteratur, kjelder og informasjon, blant anna:

Regesta Norvegica.

Diplomatorium Norvegicum.

Jens Nilssøns reisedagbøker.

Jan Brendalmo: Kirkebygg og kirkebyggere. Byggherrer i Trøndelag ca. 1000–1600.

Den katolske kyrkje i Noreg.

Bygdebøker og årbøker.

Diverse leksika, itte minst Wikipedia med fleire.

Om forfattaren

Arne Dag Østigaard, f. 1942 på Tynset, cand. philol., tidlegare lektor. Han har skrive fleire bøker og ei rekke artiklar om litterære og lokalhistoriske emne.